



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 26.08.2016
Vår ref.: 2016/10085
Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland
Postboks 8034
4068 Stavanger

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

IBU-tilskot til etablering og vidareutvikling av frukthagar i Rogaland

Vi viser til vårt oppdragsbrev om strategisk bruk av dei bedriftsretta IBU-midlane i 2016. Det blei i 2014 utarbeida eit kriteriedokument for **IBU-tilskot til etablering og vidareutvikling av frukthagar**. Vi har i samråd med fruktnæringa og den regionale partnerskapen revidert kriteriedokumentet basert på erfaringar med fruktsatsinga og produksjons- og marknadsmessig utvikling i næringa dei siste to åra.

Kriteria følgjer direkte inn i dette dokumentet på side 2 til 4.

Vi legg til grunn at Innovasjon Norge Rogaland tek kontakt med både oss og fruktnæringa, dersom erfaringar og andre omstende skulle tilseie trong for å revidere kriteria.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Eli Munkeby Serigstad
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Eli Munkeby Serigstad
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 62
E-post: fmroese@fylkesmannen.no

Kopi til:
Rogaland fruktdyrkarlag
Rogaland Bonde- og
Småbrukarlag
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger
Rogaland Bondelag

Kriteriedokument for fruktsatsinga gjeldande frå 1.september 2016

Bakgrunn

Det skal produserast meir mat i Rogaland i åra framover og auka fruktproduksjon er ein av strategiane for å få til dette. Auka fruktproduksjon krev fire hovudingrediensar; menneskjer, areal, kapital og marknader. Sidan 2014 har fleire etablerte produsentar fornya frukthagane og nye har kome til. Rekrutteringa har betra seg monaleg, men med fleire nye produsentar blir kravet til kompetanseheving større. Erfaringane så langt i fruktsatsinga viser at dyrkarane satsar profesjonelt ved å knyte til seg fagekspertise og utvikle sin eigen fruktdyrkarkompetanse. Marknadane er gode og prognosane likeeins for åra framover.

Etablering og vidareutvikling av frukthagar er kapitalkrevjande og – bindande. Denne tilskotsordninga har som mål å utløyse auka fruktproduksjon i Rogaland.

IBU-tilskot til fruktsatsinga og eigeninnsats

Tilskotsordninga er heimla i mål 7 i den strategiske planen for landbruket i fylket - *Regionalplan for landbruk i Rogaland*.

Nyetablering og vidareutvikling av fruktfelt og morellar i veksthus kan finansierast med IBU-midlar. Avhengig av karakteren av tiltaket, kan det det løyvast inntil 33% tilskot av godkjent kostnad for konvensjonell dyrking og inntil 50% tilskot for økologisk dyrking. Søknadane skal leverast inn elektronisk via www.innovasjon norge.no . Arbeidsfrista er 3 år frå løyving. Utbetaling av tilskot skjer etter Innovasjon Norge sine standardvilkår.

Eigeninnsatsen kan godkjennast med inntil kr 350,- per time for eige arbeid med rydding, tilrettelegging av arealet, planting, oppføring og oppbinding. Rekneskapen skal førast slik at han er lett kontrollerbar i høve til føresetnadene og endeleg resultat. Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister. I følgje IN sitt regelverk gjeld eigeninnsatsen «ufakturert arbeid av innehavar, ektefelle og meldepliktig samboar med felles bedrift i selskapsformene ENK, ANS og DA. Ufakturert arbeid av t.d. barn og foreldre/svigerforeldre kan ikkje takast med i prosjektrekneskapet.»

Søknad og sakshandsaming

Også for denne satsinga er kommunane Innovasjon Norge si fyrsteline – både med omsyn til informasjon, rettleiing og kvalitetssikring av søknaden før han endeleg blir sendt inn elektronisk.

Innovasjon Norge handsamer alle søknader individuelt. Handsaminga skjer etter Innovasjon Norge sin policy og «Retningsliner for prioritering av bedriftsretta IBU-midlar for Innovasjon Noreg Rogaland 2016». Innovasjon Norge Rogaland kan i denne fruktsatsinga dispensere frå kravet om at «prosjekt må vera tilknytt ein konsesjonspliktig landbrukseigedom i aktiv drift, eller føretaket må oppfylle krava til å kunne søkje produksjonstilskot i jordbruket».

Følgjande særskild dokumentasjon må fylgje med;

- Dekningsbidragskalkyle utarbeidd av NILF www.landbruksforum.no
- 5-årig driftsplan over den totale drifta, frå det året felta er ferdige.
- Kart som viser rydding og planting.
- Kopi av fadderavtale, dersom fadderordninga inngår i kostnadsgrunlaget. Fadderordninga administrerast av Rogaland Fruktdyrkarlag.

- For økologisk driftsopplegg må det før utbetaling dokumenterast at arealet er godkjent av Debio.

Søkjara som vel andre salskanalar enn godkjende fruktmottak, må dokumentere at denne forma for sal gir ein trygg omsetnad (leveringsavtale) som forsvarar investeringa i nytt plantefelt.

A. IBU-tilskot til etablering og vidareutvikling av frukthagar i Rogaland

1. Om tiltak og satsar

a) Fylgjande tiltak kan takast med i kostnadsgrunnlaget

- Ryddekostnadar; ymse tilrettelegging av areal for nyplanting og arbeid med rydding av gamle tre. Det kan berre gjevast tilskot til rydding dersom nyplanting av tilsvarande areal inngår i planen. Arrondering av arealet, grøfting og vedlikehald av grøfter kan godkjennast.
- Plantekostnadar; planter, plantearbeid, oppbinding og evt. dekkssystem og vatnings- og gjødslingsanlegg.
- Dersom ny kjøle eller utvida kjølekapasitet er føresetnad for å kunne gjere nye investeringar, tek søkar kontakt med Innovasjon Norge for vurdering om dette kan inngå i kostnadsgrunnlaget.
- Andre kostnadar;
 - Styringsystem til vatning og gjødsling, blandetank, oppføring av hjortegjerde, fadderordning, andre kompetansetiltak.
 - Innovative haustemaskinar og andre tekniske nyvinningar kan inkluderast. Tiltaket må diskuterast med/ godkjennast av Rogaland Fruktdyrkarlag på førehand.

b) Fylgjande satsar blir lagt til grunn for godkjende kostnadar;

- Rydding og grøfting av areal til frukthagar	inntil kr	24.000 per dekar
- Planting av kjernefrukt; eple og pære	inntil kr	125.000 per dekar
- Planting av plomme	inntil kr	55.000 per dekar
- Planting av morellar i tunnel	inntil kr	100.000 per dekar
- Hjortegjerde	inntil kr	kr 200 pr l.m.

2. Kriterium for å stimulere til auka fruktproduksjon

- Planane må bygge på tett-plantingsprinsippet med tilrådde tretal per dekar, etter råd frå Norsk landbruksrådgiving og /eller Rogaland fruktdyrkarlag.
- Det skal leggjast stor vekt på at sortar/kulturar og dyrkingssystem er framtidsretta og at dette skjer i samråd med det aktuelle fruktmottaket og rettleiingstenesta.
- Arealkrav;

Arealkrava kan unntaksvis og i spesielle tilfelle fråvikast.

- **Nye dyrkarar** skal i sin driftsplan leggje opp til ein samla produksjon på minimum 20 dekar. Det kan delast opp, men i den fyrste aktuelle prosjektperioden på 3 år er minstearealet 10 dekar.
- **Før etablerte dyrkarar** som skal fornye eller utvide innan ein 3 års periode, må dyrkaren ha en plan om minimum 10 dekar for konvensjonell drift og 3 dekar for økologisk drift.

- For å sikre og utvikle fruktdyrkarkompetansen, må søker være medlem i fruktrådgivinga i Norsk landbruksrådgiving og Rogaland fruktdyrkarlag.
- For å sikre god kompetanseutvikling skal nye dyrkarar ha ei fadderordning og ha tilbod om nybegynnar-/etterutdanningskurs.

B. IBU-tilskot til etablering og vidareutvikling av morellar i veksthus i Rogaland

Veksthusnæringa har vore gjennom ei stor omstilling dei siste 15 åra, både strukturmessig og driftsmessig. Utrangerte veksthus kan nyttast til andre produksjonar og i så måte bidra til å auke produksjonen av til dømes potet, grønsaker, frukt og bær. Av desse er det gitt prioritet til produksjon av morellar ettersom denne produksjonen har størst økonomisk risiko med eitt tilvekstår utan inntening. Det blir set ein pilotperiode på fem år for å støtte det store behovet for meir kunnskap om dyrkingssystem og marknadsutvikling. Ordninga vil bli evaluert etter to år. Det vil vere mogleg å søke om både tilskot og lån frå Innovasjon Norge, men det er opptil Innovasjon Norge å finne den mest gunstige kombinasjonen. Både nye og etablerte dyrkarar kan søke om midlar frå Innovasjon Norge. Humankapital og effektiv produksjon vil bli vektlagt.

1. Fylgjande tiltak kan takast med i kostnadsgrunnlaget

- Plante- og utstyrskostnader; planter, pottar, plantearbeid, oppbinding, insektsnett og modifisering av styrings-, vatnings- og gjødslingsanlegg.
- Dersom ny kjøle eller utvida kjølekapasitet er føresetnad for å kunne gjere nye investeringar, tek søker kontakt med Innovasjon Norge for vurdering om dette kan inngå i kostnadsgrunnlaget.
- Andre kostnader; fadderordning, andre kompetansetiltak.

2. Kriterium

- For å sikre og utvikle dyrkarkompetansen, må søker vere med i Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sitt kompetansenettverk.
- For å sikre marknadstilgang, må søker vise til leveringsavtale med grossist.
- Det skal leggjast stor vekt på at sortar og dyrkingssystem er framtidsretta og at dette skjer i samråd med rettleiingstenesta/NIBIO og grossistane.
- Det vil vere krav om at dyrkaren skal vere profesjonell, og at tiltaket skal vere ein del av ei langsiktig satsing og føre til ei vesentleg inntening på garden.